



**TOKKE
KOMMUNE**

Kultur og oppvekstet

Direkte tlf.: 35075221
Sentralbord : 35 07 52 00
Telefaks : 35 07 71 33

E-post: postmottak@tokke.kommune.no
Org. nr.: 964 964 521 mva

Kultur- og kyrkjedepartementet

Postboks 8030 Dep
0030 OSLO

<i>Løpenr</i>	<i>Saksnr</i>	<i>Arkivkode</i>	<i>Avd/Seksj/sakb</i>	<i>Dykkar ref</i>	<i>Dato</i>
1893/07	07/00421-2		KUO-KUO-EMP		30.04.2007

Høyringsuttale - Tokke kommune - bibliotekreform 2012

Tokke kommune ser positivt på at det no vert fokus på bibliotekverksemda i landet. Det er gjort framlegg om mange viktige tiltak og satsingar i strategiplanen Bibliotekreform 2014.

Generelle kommentarar

Det er ein føresetnad at det vert sett inn ekstra løyvingar for å få gjennomført reforma etter intensjonane. Ein håpar at løyvingane vert på det nivå som det er gjort framlegg om, og at det er sikra løyvingar for heile perioden.

Nasjonalt er det ein styrke at bibliotektenester vert meir tilgjengelege for alle gjennom nettet, både ved tilgang på sentrale kunnskapskjelder og vitskapleg informasjon. Det er eit vesentleg bidrag at utviding av rammene til innkjøpsordningane er tenkt som ei permanent ordning.

Merknader til einskilde tiltak

Tokke kommunen ønskjer å kome med nokre kommentarar og innspel til to av tiltaka i strategiplanen, som vi meiner vil vere viktige presiseringar ut frå slik stoda er for bibliotektenestene i kommunen og i regionen vi høyrer til, Vest-Telemark.

Tiltak 2.1 Konsolidering av bibliotektenesta

Viktigaste endring for bibliotektenesta i Tokke kommune vil vere den tenkte konsolideringa av folkebiblioteket, noko som tyder eit felles bibliotek for alle kommunane i Vest-Telemark. Dette vil innebere ei styrking av bemanninga totalt, med eit sterkare fagmiljø.

Vi ser også farar ved denne konsolideringa, særleg i høve til å halde på eit desentralisert bibliotektilbod for heile regionen. Tokke kommune har vald å ha filialar i alle grendene i kommunen. Desse er knytt til grendeskulane, og er eit populært og viktig tilbod for dei som bur i grendene, og ikkje minst ei viktig informasjons- og kunnskapskjelde for skulane.

Kombinasjonsbiblioteka er den klart beste utnyttinga av samla bibliotekressursar til skuleelevane og innbyggjarane i grendene. Dersom filialane vert borte i konsolideringsprosessen, vil ein stå att med eit fattigare tilbod totalt sett. Det er store avstandar mellom ytterpunktta i regionen, og for mange vil ei samling og sentralisering av hovudbiblioteket i regionen tyde at det vert for lang reiseveg dit.

Biblioteka i Vest-Telemarkregionen har i dag eit forpliktande og utviklande samarbeid som byggjer på ein flat struktur og sjølvstendige bibliotek i kvar kommune. Slik det fungerer vert mykje av intensjonen i eit regionalt bibliotek oppfylt. Det er beklageleg dersom ein kamp mellom kommunane i regionen for å få hovudbiblioteket, øydelegg for dette samarbeidet.

Tiltak 2.1(?) Program for utvikling av skulebibliotek

Det er ingen tvil om at det trengst ei satsing på skulebiblioteka. Eit utviklingsprogram kan vere ein måte å få til eit lyft. Det føreset likevel at skulebiblioteket styrkar si stilling i opplæringslova. Gjeldande lovtekst er for svak på dette punktet, der det heiter i § 9-2 "...elevane skal ha tilgang til skulebeiliotek."

Avsluttande merknader

Tokke kommune ser at reforma kan få både positive og negative konsekvensar for bibliotekdrifta i dei små kommunane i grisgrendte strok. Vi håpar at tiltaka i reforma er så fleksible at ein gjennom det kommunale sjølvstyre og det regionale samarbeidet kan finne fram til dei løysingar som tener innbyggjarane i regionen vår best.

Høyringsuttala er handsama og vedteke av Kultur- og oppvekstutvalet i sak 07/24, 25.04.2007